

Styremøte Sirdal bygdekvinne 12.02.19

Til stades: Siri Fidjeland, Anita Haugen, Tone Østtveit Kvinen, Helin Morel, Solveig Marie Ådneram og Åse-Berit Fidjeland

Sak 6/19: Årsplan

1) Gjennomførte aktiviteter

- a) **Juletrebrenning** vart avlyst pga. vind. Styret tar ei ny vurdering om aktiviteten skal halda fram ved neste årsplanlegging.
- b) **Temakvelden** med Sosan Asgari Mollestad vart ein suksess med 50 frammøtte og mykje god mat. Mange var nysgjerrige på tida etter at ho og broren kom til Fornebu, noko ho ikkje fortalde om denne gongen. Ho skriv bok om det, så den kan me marknadsføra når ho kjem. Det ligg eit fint referat på heimesida.
- c) "**Georgs magiske medisiner**" med Riksteateret i Spira, Flekkefjord, var flott! På grunn av sjukdom såg ti (10) barn, foreldre og besteforeldre førestillinga, medan me hadde bestilt elleve (11) billetter. Anita sender ut eigenandelskrav på kr. 110,00 pr. person når me får faktura frå Flekkefjord kulturhus, Spira.

2) Komande aktiviteter

- a) **Trugeturen** er 15. februar og går til Slottet. Det vert **skitur** til Kvinen søndag 17. mars (med vêrforbehold) og **aktivitetsdag** på Kvæven søndag 7. april.
- b) Det er få som bakar **Sofiekaker**, men Anita foreslår kurs 28. mars med Gunnbjørg Myhre, for då kan me servera dei på basaren dagen etter. Ein svært god idé!
- c) **Basaren** er 29. mars, og loddbøkene må ut før vinterferien, men det har vore vanskeleg å få til møte i samarbeidsgruppa med Sirdal skilag. Etter diskusjon om fordelingsnøkkel vart me samde om at Sirdal bygdekvinne og Sirdal skilag bør dela overskotet likt om me fordeler arbeidet likt;
 - Sirdal BK: - gevinstar
 - organisering
 - loddsal på butikkar
 - Sirdal skilag: - matlaging og servering
 - rydding etterpå
 - loddsal på arrangement på Sirdal skiarena

Loddbøkene med hovudgevinst trebenk bør vera klare til neste helg. Anita har seks heime som ho leverer til Åse-Berit.

- d) Monica Herredsvela kan ikkje ha kurs i **gjenbruk** før i siste halvdel av september, men me slår til på tilbodet på 5000,- alt inkludert. Ho har gitt ut bok: *Frå drøm til søm*
- e) Me bør vera med på **tradisjonsmatskulen**, for me har allereie lagt inn to matlagingskurs, men me må opna opp det eine. Solveig Marie sender søknad/melder oss på. Då kan me òg lenka kursa til kurskalenderen.
- f) **Organisasjonsskulen** sitt kurshefte inneheld greie oppgåver, og leiaren ser om ein kan nytta nokre av dei på møta ved behov, t.d. verving.
- g) **Årsmøtet til RBK** vert arrangert av Time BK 22.-23. mars på Bryne. Kwart lokallag kan stilla med to (2) delegatar, og i år vert det Solveig Marie og Tone. Fylkeslaget betaler for ein person, og lokallaget for ein person og ev. observatørar. Om nokon vil vera med på fredag, betaler lokallaget for desse.
- h) Sirdal bygdekvinne vart truleg starta i november/desember 1999, og har **20-årsjubileum** i år. Komitésamansetjing og budsjett blir tatt opp på neste møte.
- i) Til orientering er det **inspirasjonsseminar** i Trondheim 8.-10. november 2019.

Sak 7//19: Nye innbuarar

Åse-Berit lurer på om det blir same praksis med velkomstskriv og blom til innbuarar på Myraleitet nå som det ikkje er buplikt lenger, og det bør det vera. Me kan ikkje skilja på dei me trur er hyttebuarar og fastbuande, så alle vert ønska velkomne.

Eit anna spørsmål er om me skal innføra det same for Tonstad. Det er vanskeleg å følgja med på nye innbuarar, sjølv for tilsette på kommunehuset, og då kan det bli noko vilkårleg. I tillegg kan det enda slik det gjorde med Merete Liland, som ikkje har fått velkomsthelsing etter fire år.

Solveig Marie har vore hos Eivind Klemetsen, og Åse-Berit har prøvd å oppsøkja Merete, og besøkjer samstundes Ingrid Bjørndal. Helin besøkjer Lone og Terje Ousdal når dei flyttar inn i huset sitt.

Sak 8/19: Heimesida og Facebook

Alle har tilgang til Facebook, og er flinke å dela, men bør òg leggja ut nye saker. Det er vanskelegare å leggja ut på heimesida, så der sender de det de vil ha lagt ut, til Åse-Berit.

Det vart stilt spørsmål med om referata bør leggjast ut på heimesida, for då er dei tilgjengelege for "heile verda". Det er viktig at medlemmane blir informerte, og om ein ikkje legg dei på heimesida, må dei sendast ut som e-post, og det kan bli for mange e-postar. Det skal ikkje vera noko sensitivt i referata, men gje ev. tilbakemelding før offentliggjerung.

Sak 9/19: Anna

- a) Vervevekene er over, men alle minner medlemmene om at dei bør betala kontingenten, og prøver å **verva** nye. Få uansett fram fordelane, m.a. Agrol-kortet. **Brosjyrer/ materiell** ligg på lageret til bygdekvinnelaget på Grendehuset.
- b) Anita søkjer om **kommunal driftsstøtte** til lag og foreiningar innan 15. februar, der ho legg vekt på aktivitetar og 20-årsjubileet.